

# Møteprotokoll

**Utval:** Nærøyfjorden verneområdestyre  
**Møtestad:** Hotell Vossestølen, Oppheim  
**Dato:** 01.03.2017  
**Tidspunkt:** 10:00 – 13:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Noralv Distad	Leiar	AUR
Olav Turvoll	Nestleiar	VIK
Jan Geir Solheim	Medlem	LÆR
Bjørg Djukastein	Medlem	VOSS
Iril Schau Johansen	Medlem	HOFK

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunn Åmdal Mongstad og vara Hilmar Høl	MEDL	SFFK

## Merknader

Iril Schau Johansen deltok i møtet frå og med sak 11/17.  
Olav Turvoll sa seg inhabil i sak 13/17, og deltok ikkje i behandling av saka.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær/forvaltar

## Andre:

Kristoffer Ullern Hansen SNO  
Magnhild Aspevik Landbrukssjef i kommunane Aurland og Lærdal  
Veronika Seim Bech Landbrukssjef i Vik kommune

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Elektronisk godkjent av:

Noralv Distad

Olav Turvoll

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 6/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 7/17	Val av eit styremedlem til å skiva under protokoll		
ST 8/17	Referatsaker		
RS 1/17	Nærøyfjorden landskapsvernområde – høring av forslag om oppheving av vannscooterforskriften		2017/827
RS 2/17	Nærøyfjorden landskapsvernområde – skjøtselsplan for Skogane – ferdig rapport		2017/5
RS 3/17	Rapport – måling og registrering av bølgeerosjon i Nærøyfjorden		2014/4243
ST 9/17	Delegerte saker		
DS 1/17	Stalheim – utsiktsrydding Nærøyfjorden landskapsvernområde		2016/4485
DS 2/17	Søknad om tillatelse til landing med helikopter vest for Flåmsdalen – Aurland og Voss kommune		2017/718
DS 3/17	Søknad om køyring med motorisert beltemaskin til stølen Vasset		2017/372
ST 10/17	Nærøyfjorden verneområdestyre – fordeling av tiltaksmidler 2017		2016/4042
ST 11/17	Godkjenning av prosjektplan for besøksstrategi for verneområde i Nærøyfjordområdet		2013/3025
ST 12/17	Nærøyfjorden landskapsvernområde – vedlikehald av stølshus på Hjølmo, og motorferdsel i samband med arbeidet		2017/212
ST 13/17	Nærøyfjorden landskapsvernområde – kulturtavler i Undredal og Hovdungo		2017/449

## **ST 6/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 01.03.2017**

#### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart godkjent med ei endring. Sak 11/17 vart sett opp som siste sak på saklista.

## **ST 7/17 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 01.03.2017**

#### **Vedtak**

Olav Turvoll vart valt til å skriva under møteprotokoll 01.03.2017 saman med styreleiar.

## **ST 8/17 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 01.03.2017**

#### **Utale RS 1/17. Høring av forslag om oppheving av vannscooterforskrift**

Nærøyfjorden verneområdestyre viser til at det i dagens forskrift er forbod om bruk av vasskuter i verneområde. Nærøyfjorden verneområdestyre ynskjer at forbod mot vasskuter i verneområde vert vidareført.

#### **RS 3/17. Måling og registrering av bølgeerosjon i Nærøyfjorden**

Nærøyfjorden verneområdestyre har inngått avtale med Uni Research Polytec om måling av erosjon i Nærøyfjorden. Arbeidet startar i april i år, og skal vera slutført med rapport innan 30.04.2018.

#### **Arbeidsseminar – Kartlegging av utslepp frå skip i verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap**

Forvaltar orienterte om arbeidsseminaret i regi av Sjøfartsdirektoratet 15.01.2017. Kartlegginga som er utført viser at det er utslepp frå skip i verdsarvfjordane, og at det er utslepp av både NOx og partiklar. Omfanget av utsleppa vert presentert i rapporten frå kartleggingsprosjektet. Rapporten skal vera klar til 1. april i år. Utfordringa er kva ein kan gjera for å få ned utsleppa. Ein av diskusjonane vil vera om det skal lagast særreglar for verdsarvområdet, eller om det er nasjonale standardar som må leggjast til grunn.

#### **Møteplan for Nærøyfjorden verneområdestyre i 2017**

6. april	Styremøte
7. juni	Styremøte
4. og 5. september	Styremøte og synfaring Stigen
30. november	Styremøte, bestillingsdialogmøte med SNO

**RS 1/17 Nærøyfjorden landskapsvernområde - høring av forslag om oppheving av vannscooterforskriften**

**RS 2/17 Nærøyfjorden landskapsvernområde - skjøtselsplan for Skogane - ferdig rapport**

**RS 3/17 Rapport - måling og registrering av bølgeerosjon i Nærøyfjorden**

## **ST 9/17 Delegerte saker**

**Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 01.03.2017**

**DS 1/17 Stalheim - utsiktsrydding, LVO**

**DS 2/17 Søknad om tillatelse til landing med helikopter vest for Flåmsdalen - Aurland og Voss kommune**

**DS 3/17 Søknad om køyring med motorisert beltemaskin til Stølen i Vasset**

## **ST 10/17 Nærøyfjorden verneområdestyre - fordeling av tiltaksmidler 2017**

**Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 01.03.2017**

### **Handsaming i møte**

Verneområdestyret har ansvar for at skjøtsel vert gjennomført i samsvar med skjøtselsplanar. Forvaltar må inngå avtalar som sikrar at arbeidet vert utført i samsvar med planane, og at det vert likt gjennomført i alle verneområda styret har forvaltningsansvar for. Det må vurderast om beste alternativ er avtale med grunneigarar, eller om det offentlege skal gjennomføra skjøtselsarbeidet.

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

### **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre fordeler tiltaksmidler etter prioritert rekkefylgje i tiltaksplanen for 2017.

<b>Tiltak basert på tildelte tiltaksmidler</b>	<b>Samarbeidsaktørar</b>	<b>Kostnad 2017</b>	<b>Periode</b>	<b>Prioritet</b>
Styvi - Holmo. Skjøtsel av kulturlandskap i samsvar med skjøtselsplan	Grunneigar	215 000	2017-2020	1
Stigen. Skjøtsel av kulturlandskap i samsvar med skjøtselsplan	Grunneigar	90 000	2017-2020	2

Skjøtsel og vedlikehald av stiar og kulturlandskap i samsvar med skjøtelsesplanar i Dyrdal, Bakka, Nâli, Fresvik, Stokko, Nedbergo, postvegen	Grunneigarar, SNO	125 000	2017-2020	3
Restaurering av stiar, murar på postvegen, bakkemur på Salthella	Grunneigarar, SNO	60 000	2017-2020	4
Ubetring rasteplassar	SNO	10 000	2017	5
Sum		500 000		

Forvaltar kan i samråd med styreleiar fordela tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak innan for budsjettamma.

## **ST 11/17 Godkjenning av prosjektplan for besøksstrategi for verneområde i Nærøyfjordområdet**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 01.03.2017**

#### **Handsaming i møte**

Forvaltar orienterte om arbeidet med prosjektplan for besøksstrategien. Besøksstrategien skal vera ferdig i 2018. Noralv Distad kommenterte at rolleavklaring er viktig i arbeidet, jf. relativt mange aktørar i verneområda/verdsarvområdet. Dei organa som har reell forvaltningsmynde (kommunar, verneområdestyre m.fl.) må stå meir tydeleg fram i dette landskapet, slik at folk flest får eit klart bilde av kven som har forvaltningsmynde.

Noralv Distad synte elles til kartet for Nærøyfjordområdet i målestokk 1:50 000, som ein referanse for kvar eksisterande stiar faktisk går. Dette er viktig å leggja til grunn i besøksstrategien i vurderinga av sårbare område for ferdsel, og styring av ferdsel.

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

#### **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre godkjenner Prosjektplan for besøksstrategi for verneområde i Nærøyfjordområdet, versjon 01.03.2017.

## **ST 12/17 Nærøyfjorden landskapsvernområde - vedlikehald av stølshus på Hjørmo og motorferdsel i samband med arbeidet**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 01.03.2017**

#### **Handsaming i møte**

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

#### **Vedtak**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Bjørg og Gunnstein Ohnstad løyve til å ta ned og sette opp att stølshuset på gnr. 67 bnr. 5 på Hjørmo i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det kan gravast dreneringsgrøft rundt grunnmuren for å leia

vatn vekk frå muren. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 c). Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Arbeidet med istandsetjing skal ikkje føra til vesentlege endringar av fasaden på bygget. Opphavleg materiale skal takast vare på og nyttast opp att så langt som mogleg. Taket skal tekkast med torv eller tradisjonelle bølgeblekkplater. Ny kledning og lister skal ha same utforming som det som er på bygget i dag.
- Vindauge og dør som vert skifta ut skal ha same utforming som dei opphavlege vindauga og døra i bygget.
- Dreneringsgrøft skal avgrensast til det som er naudsynt for å leia vatn vekk frå grunnmuren. Torv og vegetasjon skal takast vare på og nyttast til tildekking etter avslutta arbeid.
- Torv til taktekking kan hentast frå terrenget i nærleiken av stølen.
- Dersom det vert planlagt endringar av godkjente planar, skal styret vurdera om eventuelle endringar krev ny godkjenning.
- Rapport med bilde av tiltaket skal sendast til sekretariatet når arbeidet er slutført.
- Dersom arbeidet ikkje har starta opp innan 3 år frå vedtaksdato, må det søkjast om nytt løyve til tiltaket.

### **Motorisert ferdsel i samband med tiltaket**

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Bjørg og Gunnstein Ohnstad løyve til å bruke gravemaskin på stølen i samband med vedlikehaldsarbeid på stølshuset. Det kan køyrast med traktor på stien frå landbruksvegen og opp til stølshuset på Hjølmo for frakt av materiale og utstyr. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Traktor og gravemaskin kan nyttast i perioden frå og med 2. mai til 1. november 2017.
- Køyring med traktor skal avgrensast til det som er naudsynt for frakt av materiale og utstyr, og arbeidet skal planleggast godt for å få færrest mogleg turar.
- Graving skal avgrensast til det som er naudsynt for å flytta stølshuset, setja i stand grunnmuren og leia vatn vekk frå muren.
- For å avgrensa køyreskadar, skal det ikkje køyrast i periodar med mykje nedbør.

Dette løyvet gjeld berre tilhøve etter verneforskrifta. Søkjar må ta kontakt med Aurland kommune med spørsmål om løyve etter anna lovverk.

## **ST 13/17 Nærøyfjorden landskapsvernområde - kulturtavler i Undredal og Hovdungo**

### **Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 01.03.2017**

#### **Handsaming i møte**

Olav Turvoll sa seg inhabil i saka, og deltok ikkje i behandling av saka.

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

## Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Nærøyfjorden verdsarvpark løyve til å setja opp kulturtafver på Kristenhaugen og på Hovdungo i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Kulturtafva på Kristenhaugen skal plasserast ved stien på Kristenhaugen. Kulturtafva på Hovdungo skal plasserast i utkant av stølen og ved stien på nedsida av stølen. Tafvene kan ha ein storleik på inntil 50 cm x 70 cm. Skilta kan vera skråstilte, og kan ha ei høgde på inntil 100-150 cm.
- Tafvene skal ikkje kome i konflikt med kulturminne i området.
- Tafvene skal bytast ut med tafver med den nye merkevareprofilen for verneområde/verdsarvområde når det er fastsett.
- Verneområdestyret kan gje pålegg om å ta ned tafvene dersom omsynet til naturmiljøet tilseier det, eller det kjem nye føringar for formidling i verneområdet.
- Det kan setjast opp 2-3 vegvisarpiler mellom Undredal og Hovdungo. Skilta skal vera etter standard i merkehandboka.
- Det må gjerast avtale om oppsett av tafver med grunneigar/rettshavar på dei aktuelle stadane.